

---

Saksnr: 2020/49289-5  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		20.10.2020

## Klagesak.

Klage på vedtak om avslag på søknad om etablering av avkøyrsløse frå Fv. 5302 til eigedomen Gnr. 186 Bnr. 157, Tertnes i Bergen kommune

## Forslag til vedtak

1. Klage frå Ann-Christin Holmefjord over Infrastruktur og veg Forvaltning Bergensområdet (heretter INV Forvaltning Bergensområdet) sitt vedtak av 10.03.2020 om å avslå søknad om etablering av ny avkøyrsløse frå Fv. 5302 til eigedomen Gnr. 186 Bnr. 157, Kvernavika 2, Tertnes i Bergen kommune, vert ikkje teken til følgje.

## Samandrag

Det ble søkt om etablering av ny avkøyrsløse den 21.01.2020 frå Fv.5302 (Bekkjarvikveien) til Gnr. 186 Bnr. 157, Kvernavika 2, Tertnes i Bergen kommune. Bakgrunnen for søknaden var tilkomst for leigebuar i utleigeining 2 A på eigedomen. INV Forvaltning og utgreiing, Bergensområdet, fatta den 10.03.2020 vedtak om avslag på søknaden. I avslaget vart det vist til at avkøyrsløse ikkje tilfredsstilte dei tekniske krava til avkøyrsløse, avkøyrsløse oppfyllte ikkje krava til utforming og at eigedomen har ei godkjend avkøyrsløse i nord. Ann-Christin Holmefjord har klaga på vedtak i skriv av 07.04.2020.

INV forvaltning og utgreiing har vurdert klagen som underinstans og har funne å oppretthalde sitt avslag i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klagen og rår til at klagen frå Ann-Christin Holmefjord over INV Forvaltning Bergensområdet sitt vedtak av 10.03.2020 om å avslå søknad om etablering av ny avkøyrsløse frå Fv. 5302 til eigedomen Gnr. 186 Bnr. 157, Kvernavika 2, Tertnes i Bergen kommune, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg:

1. Søknad om etablering av ny avkøyrsløse, Kvernavika 2, frå Ann-Christin Holmefjord og Vidar Steindal, 22.01.2020.
2. Avslag på søknad om etablering av ny avkøyrsløse, INV Forvaltning Bergensområdet, 10.03.2020.
3. Klage på vedtak om avslag, frå Ann-Christin Holmefjord, 07.04.2020.
4. Fylkesdirektør infrastruktur og veg si vurdering, dagsett 10.07.2020, opprettheld avslaget.
5. INV Forvaltning og utgreiing: Kart og bilete
6. Basiskart, innsendt av tiltakshavar

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Ann-Christin Holmefjord og Vidar Steindal søkte den 22.01.2020 om etablering av ny avkøyrsløse frå Fv. 5302 til eigedomen Gnr. 186 Bnr. 157, Kvernnavika 2, Tertnes i Bergen kommune. Bakgrunnen for søknaden er tilkomst for leigebuar i utleigeeining 2 A på eigedomen. (Vedlegg nr.1)

INV Forvaltning Bergensområdet fatta vedtak om avslag på søknaden den 10.03.2020 med heimel i veglova § 40. I avslaget vart det vist til at dei tekniske krava til avkøyrsløsen ikkje var innfridd. Krava til sikt var ikkje innfridd og omsøkte avkøyrsløse oppfylte heller ikkje krava til utforming, då avkøyrsløse ikkje var vinkla 90 grader på fylkesvegen og hadde ikkje 4 meters svingradius. I avslaget var det og vist til at eigedomen allereie hadde ei godkjent avkøyrsløse i nord og at avkøyrsløse vil vere uheldig for trafikksikkerheita. (Vedlegg nr.2 )

Tiltakshavar Ann-Christin Holmefjord har klaga på vedtaket i skriv av 10.03.2020. (Vedlegg nr. 3 ) I klagen vert det vist til at dei kan oppfylle krava til sikt. Det er bilete i klagen som syner ein bergnabb som skal fjernast og eit postkassstativ som kan fjernast, for å oppnå god sikt.

### Stadlege opplysningar:

Fartsgrensa på staden er 40 km/t, og årleg døgntrafikk (ÅDT) er oppgitt til 300 køyretøy. I «Rammeplan for avkøyrsløse med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020» er fv. 5302 vist med fargekode grøn - lokalvegfunksjon - haldningsklasse 4.

Planstatus:

Det er opplyst i saka at eigedomen er» uregulert».

Veg: regulert: Plannavn: Åsane, Gnr. 186 Bnr. 517 mfl., Nesbakken 10 og 12.

INV Forvaltning viser og til Statens vegvesen si handbok R 701. Her går det fram:

«Ved handsaming av avkøyrsløsesøknader skal det gjerast ei totalvurdering, der det i tillegg til sjølve staden for avkøyrsløse, også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå».

INV Forvaltning ved Fylkesdirektør infrastruktur og veg, har gjeve si vurdering i skriv av 10.07.2020. Fylkesdirektøren finn ikkje grunn til å gjere om vedtaket om avslag den 10.03.2020. ( Vedlegg nr.4 )

### Rettsleg grunnlag

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd, vedtak som kan påklagast, klageinstans:

*«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).*

*For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalet eller en eller fleire særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. For enkeltvedtak som er truffet av egne rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen en eller fleire særskilte klagenemnder som er oppnevnt av det øverste organet i rettssubjektet. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget eller av det øverste organet i eget rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.»*

Det går fram av veglova § 1 a at:

*«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»*

Det går fram av veglova § 40:

*«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.*

*Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsle frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.*

*Vegstyremakta kan krevje at avkjørsle frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.*

*Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»*

Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar 2017-2020 er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkøyrslar- og byggegrensesaker. Eit viktig prinsipp er at teknisk utforming av avkøyrslar skal vera i samsvar med Vegvesenet sine handbøker N100 og handbok V121. Rammeplanen for avkøyrslar har vore til endeleg handsaming i Hordaland fylkeskommune og i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dei einskilde vegane har fått tildelt ein haldningsklasse/strengleiksklasse som gjeld mellom anna avkøyrslarøkna. Haldningsklassane er ein peikar på kor strengt søknadene bør vurderast. Haldninga er visualisert med ulike fargekodar på kart. Riks- og fylkesvegnettet i Region vest er sett i ein av fire strengleiksklasser:

1. Meget streng haldning (Raud).
2. Streng haldning (Gul).
3. Mindre streng haldning (Blå).
4. Lite streng haldning (Grøn).

Det går frem av reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for klagenemnda pkt. 5, klagenemnda sin kompetanse:

*«Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34. Vedtaket det vert klaga på kan avvist, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova.»*

### **Klagen**

Ann-Christin Holmefjord har den 07.04.2020 sett fram klage på vedtak av 10.03.2020. Klagen lyder slik:

«Hei

Viser til sak med deres ref nr 2020/37836-5.

Vi ønsker med dette å klage på deres vedtak.

(jeg har sendt svar til dere før, men kan ikke finne den igjen. Så tar ikke sjansen så derfor sender jeg det en gang til)

Vi beklager så mye at det stod en bil parkert der når dere var på befaring. Vi har gitt beskjed om at det ikke er lovlig.

Men nå når vi målte opp og tok bilder, stod vi der en stund for å utføre dette.

Jeg vil vise til bilder samt forklaring til disse.

Vi skal fjerne fjellnabb etter samtykke med grunn eier.

Samt flytte postkasse stativ nærmere mur. Samtykke med eier og brukere.

Siktlinjen blir da over 100 meter oppover.

Sikt linjen nedover (øst) er mer en 50 meter, når jeg sitter i bilen og tar bilde. Dette er målt med målbånd.»

I klagen var det lagt ved 4 bilete med forklarande tekst. Sjå vedlegg 3, for klagen i sin heilheit.

### **INV Forvaltning Bergensområdet si vurdering av klagen**

INV forvaltning Bergensområdet vurderte saka på nytt då dei fekk inn klagen, og fant å oppretthalde vedtaket. Det framkom ingen nye opplysningar i saka, som talte for ein omgjerding av avslag av 10.03.2020. Klagen vart difor sendt til den fylkeskommunale klagenemnda for endeleg avgjerd.

### **Fylkesdirektør infrastruktur og veg (INV) si vurdering**

Fylkesdirektør infrastruktur og veg har den 10.07.2020 gjeve følgjande vurdering:

*«Ut frå kartgrunnlag kan vi ikkje sjå at det er grunnlag for å gje ei ny avkøyrslø til ein eigedom som allereie har ei godkjent avkøyrslø med god plass til parkering.*

*På tross av at søkjar ser ut til å ha god nok sikt, er det ikkje mogleg å oppnå tilfredsstillande radius i avkøyrsla på det punktet søkjar ynskjer å ha avkøyrsla.*

*Dersom denne klagen skulle vore teken til følgje, vil ein risikera presedens i liknande saker. Det kan medføra eit auka press på hovudvegens transportfunksjon (framkomst for alle som ferdast på offentleg veg). Eit auka tal avkøyrslø på ein vegstrekning aukar og faren for ulukker, då det vert mykje meir å passa på for dei som ferdast på og langs hovudvegane.»*

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg finn ikkje grunn for å gjere om vedtaket om avslag av 10.03.2020.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

INV Forvaltning og utgreiing og fylkesdirektør infrastruktur og veg, har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i mellom anna veglova § 1 A og § 40, Rammeplan for avkøyrslø og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest, tekniske krav til avkøyrslø og Statens vegvesen si handbok R701. Statens vegvesen har vore på synfaring av området.

Omsøkte avkøyrslø ligg i sørsida av eigedomen, Kvernavika 2, langs Fv. 5302, Bekkjarvikvegen. (Sjå vedlegg 5, bilete.) Søknaden gjeld tilkomst for leigebuar i utleieeining 2 A, på eigedomen. Fartsgrensa på staden er 40 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er sett til 300 køyretøy.

Eigedomen har ei godkjent avkøyrslø nord på eigedomen. Det går fram av opplysningane i saka, mellom anna ved å studere kart og bilete av eigedomen, at det er god plass til parkering på tomta via eksisterande tilkomst.

I klagen er det vist bilete av ein fjellnabb som ifølgje klagar skal fjernast etter samtykke frå grunneigar, for å oppnå betre sikt. Det går og fram av klagen at eit postkassestativ og skal flyttast for å oppnå betre sikt, etter avtale med grunneigar og brukarar. INV Forvaltning viser til at sjølv om tiltakshavar kan ha god nok sikt, er det ikkje mogeleg å oppnå god nok radius i avkøyrsla på det punktet søkjar ynskjer å ha avkøyrsla. Det går ikkje fram av klaga noko om kravet til svingradius på 4 meter (8 meter i diameter) som det ifølgje Statens vegvesen, ikkje er mogleg å oppnå i denne konkrete saka.

Fylkesrådmannen er av den oppfatning at det er viktig å etablere få, men gode avkøyrslø langs fylkesvegnettet, som kan ivareta ein effektiv ferdsel og trafikktryggleik for framtida. Eit aukande antall avkøyrslø langs vegen, er noko som aukar risikoen for ulukker. Fylkesrådmannen er av den oppfatning at fylkesvegnettet bør vere oversiktleg med minst mogleg overraskande trafikale moment. Ved å etablere ein «ekstra» avkøyrslø til ei eigedom som allereie har ei godkjent avkøyrslø, er noko som ikkje er ei god trafikal løysing.

Fylkesrådmannen vil her peika på at ved å gje løyve til ei ny avkøyrslø, der eigedomen allereie har ei godkjent avkøyrslø, kan ein og risikera presedens i liknande saker. Dette kan føre til auka press på vegnettet og faren for trafikkulukker aukar. Dette er ei utvikling fylkesrådmannen ikkje kan stetta.

Det går fram av Rammeplan for avkøyrslø på riks- og fylkesvegar, haldningsklasse «grøn» at: *«Godkjenning av ny avkøyrslø kan normalt bli gjeve under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrsla vert oppfylt. Der tilhøva ligg til rette for det, kan tilkomst visast til næraste eksisterande avkøyrslø».* Fylkesrådmannen vil kort vise til at det ifølgje opplysningane i saka, ikkje er mogeleg å oppnå tilfredsstillande svingradius i avkøyrsla. Dette talar mot å gje løyve til ei ny avkøyrslø.

Fylkesrådmannen vurderer det slik, at det med omsyn i trafikktryggleiken i denne saken, ikkje er grunnlag for å gje løyve til ei ny avkøyrslø på eigedomen Kvernavika 2. Det går fram av saka at det ikkje er mogeleg å oppnå tilfredsstilland svingradius på det punktet tiltakshavar ynskjer å ha avkøyrsla, det vil seie at avkøyrsla skal vere vinkla 90 grader på fylkesveggen med 4 meters svingradius. Avkøyrsla kjem her brått på og kan vere eit overraskande moment i trafikkbiletet. Ein vurderer det slik, at her er det fare for at uheldige trafikale situasjonar kan oppstå, med kryssingsulykker, til stades.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn og med heimel i veglova § 40 1. ledd, å rå til at klagen frå Ann-Christin Holmefjord over INV Forvaltning Bergensområdet sitt vedtak av 10.03.2020, om å avslå søknad

om etablering av ny avkøyrslø frå Fv. 5302 til eigedomen Gnr. 186 Bnr. 157, Kvernåvika, Tertnes i Bergen kommune, ikkje vert teken til følgje.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda. Det vert vist til Reglement for klagenemnda punkt 2 «Oppgåver».

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Det er søkt om avkøyrslø frå fylkesveg Fv. 5302.

Konklusjon

Klagen vert ikkje teken til følgje.